

Halling- ljom



Dagsblad for Hallinglaget ~ i Oslo ~

NR. 2/08

INNHALD

Innholdsliste	side	3
Fyriord	side	4
Mindre kjende ord	side	5
Kjende Hallingar		
- Magne Myhren	side	6
NM i folkemusikk og dans	side	8
Helgekurset 25. - 26. okt.	side	12
Program for hausten	side	13
Hallingbu	side	14
Landskappleiken på Oppdal	side	15
Hallingkvelden, referat	side	17
Huldraleiken	side	19
Lagsinfo	side	20
Folke-danskveldar	side	21
Styret i Hallinglaget	side	22

Fyriord

Ja, så er sommaren over, og hausten i gang att. Eit lite omskifte er at Hallingljom har fått ny bladnemnd, og fyriordet er førd av Eilev denne gongen. Ver helsa, godtfolk.

Framfor oss ligg etter vona mykje dans og fleire stemne, turar og kurs. Jørn Hilme-stemnet i sommar vart avvikla utan store vanskar, og det vart dugande resultat for hallingane på Landskappleiken, ikkje minst for Ulf-Arne Johannessen, som no er blant toppane i laus-klassa. Likeins gjorde Lisbeth Haraldsen det godt i durspel og Ingunn Stræte Lie hevda seg både i dans og durspel (meir om dette seinare i bladet). Her vil ein også kunne lese om dei gode spelemennene på hardingfele som har spel for Hallinglaget. Øyvind Brabant fekk ein kjempefin sjetteplass i hardingfele klasse A, og Olav Lunksegard Mjelva gjekk like godt og vann heile klassa med meisteleg spel. Gratulerer til alle desse som gjer at det moro å vere halling.



Hallinglaget har ei veldig fin fane som har vore i laget si eige i over 60 år!

Det er kunstmålaren Aslak Sanderstølen frå Ål som har måle fana, og den har teksten "Fedrearven gjev framtidsvon".

Hallinglaget brukte nesten 10 år frå dei starta planlegginga av fane til ho var avdekt den 15. november 1947.

Motivet er skikkeleg fint. Det syner ein hallingdansar som skal sparke hatten, og i bakgrunnen ser ein Hallingdal.

Fana er lite framme i lyset og er like fin. Men til neste år vil me pusse støvet av den og syne ho fram att!

For neste år rundar Hallinglaget i Oslo heile eitt hundre og ti år! Det blir eit høve til noko høgtiding og noko ettertanke. Orda på fana minner om at det går ei rute derifrå og hit, og vidare bortover. Byggje på det som var for å tufte det som skal koma. Og ein skal ikkje sjå

bort frå at desse som skipa laget og otta for at det som hadde vore skulle falne heilt. Laget vart til i ei uroleg tid med store omskifte, nett som denne.

Men det ska kji hindre uss i å få svinga uss på golvi. Det som trengst, som alltid, er minst eitt dansepar, ei fele og ein spelemann. Og om det blir retteleg mange dansepar, er det framleis liv og læte i Blåsalen og andre stader.

Lukke te med lagsarbeidet denna hausten og. E vona de få ai fin tid med både dans og læte.

Eilev.

Mindre kjende ord frå Hallingdal:

Andkrænæle – motbydeleg
Annsam – travel
Avlætæle - hysterisk
Avskræmæle – skremmande
Bauke – kave, plundre
Bæmbil – navle
bjor – bever
breka – trygle, naudbe
Buttæl – flaske
Bøfføtt – berrføtt.
Daulen – avkrefta, dorsk
eise aisæ – eldstad ute.
Æve – kvie seg, tvile.
Fjuslen – einfeldt, dum.
Flædd – flat vidde.
Fågjynt – rimeleg
grunntroll – smådyr i vatn
hiren – å vera i ulag
holkjaka – mager
hyrje – fantasere

Eilev.

Kjende hallingar: **MAGNE MYHREN**



Magne Myhren på 100-årsjubileet til Hallinglaget i 1999. Fela er gjort av Steinkjønndalen i 1947, og Magne kjøpte ho av Odd Bakkerud i 1973. Fotograf: Johanne Landsverk

Fakta:

Namn:	Magne Myhren
Fødd:	3. desember 1937 på garden Myren i Skurdalen i Hol kommune.
Barn:	Øyonn f. 1969 og Eilev f. 1973.
Gift med:	Dagne Groven Myhren.
Bustad:	Ekeberg, Oslo.
Foreldre:	Gustav Myhren og Eli Gullstein.
Yrke:	Cand. philol. Tidlegare språkforskar på Universitet i Oslo. Pensjonist i 2004. Magne arbeidde ei årrekkje med den store norske ordboka. (Norsk Ordbok kom i gang i 1946, no arbeider dei med M, N og O. Boka, i tolv tjukke bind med 800 sider, skal vera ferdig til grunnlovsjubileet i 2014)
Interesser:	Hardingfelespel, kulturhistorie og friluftsliv.

Det er med glede eg skriv om Magne Myhren som spelte for Hallinglaget i svært mange år. Og ikkje berre for oss, men òg for Telelaget og mange andre lag i BLS. Magne spelte for Hallinglaget i om lag 25 år (frå 1959–62 og frå 1973–92). Han fortalde at han har vore i Nordahl Bruns gate og spelt over 500 gonger! Det står det stor respekt av i ei tid då hardingfela ikkje stod så høgt i kurs. Men Magne let seg ikkje merke med det, han har

alltid hatt ei sterk viljestyrke. Han heldt alltid det han lova. Det var berre å sende han spellista ved starten av kvart halvår, så kom han med fela under armen når øvinga byrja.

Eg vil begynne med bakgrunnen til at Magne begynte å spela fele. Magne begynte å spele hardingfele i trettenårsalderen då familien flytta til Torpo. Her budde han frå 1949 til 53, og vart med i eit levande spelemannsmiljø. Magne fekk mykje opplæring av Sevat Sataøen frå Ål. Han lærde også spel av Olav Sata slått, Olav Vestenfor og Kristian Øvrevollseie. Han begynte på realskulen på Nesbyen i 1952 og lærde der ein god del spel av Jørgen Husemoen. Her vart han også kjend med Odd Bakkerud. I gymnastida på Voss (han gjekk på norrønlina 1954–56) fekk han god kontakt med hardingspelemennene Lars Skjervheim, Anders Kjerland og Haldor Meland. Av desse spelemennene lærde han også svært mykje.

I 1959 busette Magne seg i Oslo, dei fyrste to åra budde han i Nordahl Bruns gate 22. Han vart gift med Dagne Groven Myhren, dotter til komponisten Eivind Groven. Dei har to barn saman, Øyonn Groven Myhren og Eilev Groven Myhren. Dei siste åra har det også blitt fem barnebarn, Øyonn har tre born og Eilev to. Etter at Magne kom til Oslo hadde han mykje kontakt med alle dei andre gode spelemennene som var i byen på den tida: Kjetil Løndal, Torleiv Bolstad, Ola Bøe, Odd Bakkerud og Knut Trøen. (Magne får tårer i augo når han tenkjer på desse karane ...)

Magne er kjend for sitt gode minne, det ligg i slekta hans frå langt tilbake. Mange av forfedrane hans er brukt av folkeminnegranskarar som samla inn stoff til bygdebøker og nedteikning av historier. Ein kan seie at Magne er som eit levande leksikon innanfor visse emne, og han er kjend som ein stor kapasitet når det gjeld slåttspel. Kan hende har han den beste oversikten over tradisjonsutviklinga i Hallingdal og Telemark. Han har tatt vare på ein eldre spelestil, og kan mange mindre brukte slåttar. Han spelte seg opp i hardingfele klasse A på Landskappleiken på Lillehammer i 1968.

Det er fyrst og fremst som dansespelemann at Magne er kjend, han likte seg ikkje så veldig godt på scenekanten. Og som sagt har han vore svært mykje brukt som dansespelemann i Telelaget og Hallinglaget. I dei seinare åra er han mest brukt som foredragshaldar og forteljar. Han vart æresmedlem i Landslaget for Spelemenn i 1997. Som skribent og utgivar har han arbeidd med emne innanfor språkvitskap og folkekultur. I folkemusikk-boka "Fanitullen" (red. Sven Nyhus) har han skrivi artikkelen om hardingfelemusikk. Som spelemann er han dokumentert på sin eigen CD, "Hardingfelelæte frå Ål i Hallingdal" frå 1997, og gjennom opptak i NRK og Norsk folkemusikksamling (NFD). Meir om dette seinare.



Magne er utdanna språkvitar ved Universitet i Oslo med fagkrinsen tysk, folkeminnevitenskap og norsk hovudfag. Han var tidlegare amanuensis ved Universitetet i Oslo og har i mange år arbeidd med utgjevinga av den store norske ordboka. Han har enno sitt eige kontor på universitetet, sjølv om han gjekk av med pensjon i 2004, for han er levande interessert i språk og uttrykk og korleis orda har vandra. Magne har difor bidrege særskilt godt i dette arbeidet.

Det er moro å høyre Magne prate og kåsere. Mange lag og samkomer har hatt glede av å ha Magne som fyrtingsmann. Ingen som har opplevd Magne i sitt ess, vil gløyme han, for han fangar interessa der han kjem. Eg fekk høyre mange gode historier frå livet

tidlegare i dei åra eg var med då Magne spelte for oss (om lag 10 år). Dei fleste historiene var frå folkelivet Hallingdal, og det var ofte saftige historier som fekk fram både gapskratten og ettertanken.

På øvingane spelte Magne friskt og fargerikt, med godt driv og avansert fingerspel. Springarane kom på rekkje og rad utan stopp - før det vart pause! Det var god trim å danse i eitt i dei åra me hadde Magne som spelemann.

Magne har arbeidd mykje med å skrive og fortelje om norsk folkemusikk. Han har vore med og laga fleire program om norsk folkemusikk i NRK, eks Folkemusikktimen. Her har han ei særskild klar og informativ radiostemme som fekk folk til å lytte. Folk fekk med seg det som vart sagt og interessa for folkemusikken voks.



Framsida og baksida av Cd-en som Magne Myhren gav ut i 1997. Den inneheldt heile 34 låttar. Det er mest springarar, der kvar lått har fått ei god skildring i det fylldige ilegget. Teikninga på framsida er av Ludvig Eikaas og fotografiet er tatt av Arne Sigurd Haugen. Hallinglaget har enno eit lite lager av denne Cd-en.

Denne Cd-en hadde mykje å seie for Hallinglaget, som var med på å få han utgjeven. Fyriordet er skrivi av Oddmund Vestenfor og Cd-sleppet fann stad i Blåsalen under ei gild samkome som Hallinglaget stod for. Og framfor alt, Hallinglaget fekk omlag 100 Cd-ar til odel og eige som me kunne selje til interesserte for mellom 100 og 150 kroner! Desse kronene kom særskild godt med i ei tøff tid for Hallinglaget. Eg trur ikkje at det er nokon privatperson som har bidrege med så mykje til laget nokon gong. Dette vart på ein måte eit vendepunkt for laget og var med på at me klarte å sjå framover og skipe til den namngjetne 100-års festen i 1999. Eg vil rette ein stor takk til Magne for alt han har gjort for laget.

Hallinglaget hadde Magne som festtalar på 100-års festen i 1999 og han spelte for oss der (sjå bildet fyrst i artikkelen). Det var urspelemannen som fekk oss i gang den kvelden.

Sidan var det ein av elevane hans, Hilde Kirkebøen, som spelte. Magne har hatt fleire elevar opp gjennom åra, også amerikanske spelkvinner som Loretta Kelly og Karin Code.

Terje

Ref.:

- 1. Ilegget i Cd-en "Hardingfelelæte frå Ål i Hallingdal" frå 1997.*
- 2. Wikipedia, den frie encyklopediaen på nettet (Internett)*
- 3. Prat med Magne tirsdag 8. september 2008.*

NM i Folkemusikk 2009

Ål spel- og dansarlag og Geilo Spelemannslag ynskjer velkomen til NM i Folkemusikk på Geilo og Ål dagane 23. - 28. juni 2009.

Som eit supplement til Landskappleiken har Landslaget for Spelemenn skipa til Landsfestivalen i Gammaldans sidan 1986. I 2009 vil desse arrangementa, som eit prøveprosjekt, for fyrste gong bli slegi saman.

Ål spel- og dansarlag og Geilo spelemannslag er tildelt arrangementet, som blir Norges største tevling og presentasjon av norsk folkemusikk. Dette inkluderer tevlingar i solo og samspel, vokalt og på ulike instrument i tillegg til dans, med både elite og bredde.

NM i Folkemusikk startar med stor utandørs dansefest (jonsokfeiring) på Ål tirsdag 23. juni og held fram med kvalifiseringar og finalar på Geilo frå og med onsdag 24. juni. Det heile avsluttast med Meisterkonsert på Geilo søndag 28. juni.

Det vert mykje folk på Geilo desse dagane så vær tidleg ute med å tinge overnatting.

Les meir om NM i Folkemusikk på dei to neste sidene. Håper at det er lesbart med kvit tekst på grønt!

Sjå også www.folkemusikknm.no.



NM i Folkemusikk

Geilo og Ål 23.–28. juni 2009


Som et supplement til Landskappleiken har Landslaget for Spelemenn arrangert Landsfestivalen i Gammaldansmusikk siden 1986. Begge arrangementene har hatt stor oppslutning. I 2009 vil disse to arrangementene bli slått sammen, som et prøveprosjekt, og vi får dermed et Norgesmesterskap i Folkemusikk i Hallingdal. Ål spel- og dansarlag og Geilo Spelemannslag er tildelt arrangementet, som blir Norges største og ledende tevling og presentasjon av norsk folkemusikk. Dette inkluderer tevlinger i solo og samspill, vokalt og på ulike instrument i tillegg til dans, med både elite og bredde.

Det hele starter med en stor, utendørs dansefest på Ål, med det beste av gammaldansmusikk. Onsdag starter tevlingene, som vil foregå på Geilo. Det vil bli kvalifiseringer på dagtid og finaler om kvelden. Så her blir det også muligheter til å danse hver kveld, til landets beste spelemenn. Søndag blir det først folkemusikkmesse i Ål kyrkje før Meisterkonserten på Geilo runder det hele av.

Arrangørene ser i spenning fram til denne «nyskapningen» og vil gjøre sitt ytterste for at både deltakere og publikum skal trives disse midtsommerdøgnene i Øvre Hallingdal.

**Vi ønsker alle velkommen til
NM i Folkemusikk 23. – 28. juni 2009!**

Beste hilsen
Ingunn Stræte Lie, Svein Inge Øen, Øyvind Kvile
Hovednemnda



Sommer på Geilo

Sommeren på Geilo byr på vakker natur og er et naturlig startpunkt for fantastiske opplevelser. Geilo ligger midt mellom Oslo og Bergen, med Hardangervidda og fjordene som nærmeste nabo. På Geilo finner du garantert en opplevelse som passer for deg!

Geilo – natur og tradisjoner

Geilo ligger åpent, fritt og vakkert til mellom gjestmilde fjell hvor man kan boltre seg i naturopplevelser, aktiviteter, frisk luft og en avslappende atmosfære. Geilo er bygget på kultur og tradisjoner. Her kan du besøke Geiljordet, idyllisk tun med gamle hus fra 1700- og 1800-tallet, Feljo Kulturminnepark eller oppleve mangfoldet av aktiviteter.

Book dine opplevelser på: www.geilo.no

Geilo Turistinfo / Ål Turistinfo

Kan tilby relevant informasjon om hele regionen forøvrig.

For nærmere informasjon:

Geilo: Tlf +47 32 09 59 00 eller turistinfo@geilo.no

Ål: Tlf +47 32 08 10 60 eller turistinfo@aal.as

NM i folkemusikk og innkvartering

Geilo og Ål kan tilby et bredt spekter av overnatting, fra fasjonable hoteller til koselige hytter og leiligheter. For online booking på Geilo: se www.geilo.no

Bardøla Høyfjellshotell og Hytter

Tlf. 32 09 41 00

Dr. Holms Hotel

Tlf. 32 09 57 00

Fagerheim Fjellstugu – Hardangervidda

Tlf. 32 08 75 56

Festivalcamp/Idrettshall/Væn

Tlf. 32 08 70 60

Geilo Apartment

Tlf. 32 08 83 00

Geilo Fjellandsby Booking Hallinggrenda AS

Tlf. 32 09 60 00

Geilolia Ferieligheter og hyttetun

Tlf. 32 09 00 00

Hakkesetstølen Fjellstugu og Hytter

Tlf. 32 09 09 20

Hamarsbøen Hytter

Tlf. 32 08 81 12

Havsdalsgrenda

Tlf. 32 09 54 10

Highland Hotel

Tlf. 32 09 61 00

Knuts Hyttegrend

Tlf. 32 09 47 24

Lia Fjellhotell

Tlf. 32 08 74 00

Norlandia Geilo Hotell

Tlf. 32 09 05 11

Rakldekkkan Lodge

Tlf. 32 08 82 64

Ro Hotel

Tlf. 32 09 08 99

Østedalen Hotell

Tlf. 32 09 67 00

Vestlia Resort

Tlf. 32 08 72 00

Ødegård Teigen Hyttutleie

Tlf. 32 09 02 98

Øen Turistcenter og Geilo Vandrehjem

Tlf. 32 08 70 60

For ytterligere informasjon om NM i Folkemusikk på Geilo og Ål 2009:

www.folkemusikknm.no



Landslaget for Spellemenn



ÅL SPEL- OG DANSARLAG



Illustrasjon: J. L. L. (1) - (4) (5) - (6) (7) (8) (9) (10) (11) (12) (13) (14) (15) (16) (17) (18) (19) (20) (21) (22) (23) (24) (25) (26) (27) (28) (29) (30) (31) (32) (33) (34) (35) (36) (37) (38) (39) (40) (41) (42) (43) (44) (45) (46) (47) (48) (49) (50) (51) (52) (53) (54) (55) (56) (57) (58) (59) (60) (61) (62) (63) (64) (65) (66) (67) (68) (69) (70) (71) (72) (73) (74) (75) (76) (77) (78) (79) (80) (81) (82) (83) (84) (85) (86) (87) (88) (89) (90) (91) (92) (93) (94) (95) (96) (97) (98) (99) (100)

HELGEKURS I HALLINGSPRINGAR

25. - 26. oktober 2008



Laurdag: 25. oktober, kl. 12.00 - 16.00

Sundag: 26. oktober, kl. 12.00 - 16.00

Stad: Storsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Instruktører:

Torill (Stave) Kvalvågnes frå Ål og

Bjørn Lien frå Gulsvik i Flå.

Begge er A-klassedansera.

Spelemenn:

Hilde Kirkebøen og **Ola R. Imset** på
hardingfele.

Mat: Det blir ei matpause med god lunsjmat omlag kl. 14.00.

Pris: Kr. 300,-/400,- for medlemmer/ ikkje medlemmer der mat, kaffi
og tè er med i prisen! Studentar og ungdom under 20 år berre kr. 250,-.

Kursinformasjon:

Dette blir eit kjempebra kurs, både for nye og for røynde dansarar.

Torill (Stave) Kvalvågnes frå Ål og Bjørn Lien frå Gulsvik i Flå. Begge er
A-klassedansera som har dansa i ein mannsalder. Begge er med på laget til Ål
som hevdar seg på lagdans på Landskappleikane.

Torill og Bjørn har halde kurs i Amerika og kan prate og instruere på norsk og engelsk!
Dei vil lære oss mest mogeleg hallingspringar på to dagar!. Dei vil leggje vekt på dei
interessante momenta i hallingspringaren:

- slik som takt og rytme, steg, teknikk, vendingar og variasjonar....
- Her blir det liv og leik, og mange deltakarar!

NB! Meir hallingspringar får ein ikkje dansa i haust ... **så meld dykk på så snart som råd!**

Tips: Ein rask og god måte å få lært seg hallingspringaren på:
Fyrst minikurs (28. sept.), nokre øvingskveldar og så dette helgekurset
som garantert vil få fram ein betre dansar i dykk alle!

Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er springardansing desse onsdagane:

- 10. sep.** Springarøving kl. 19.00. Hilde Kirkebøen spelar.
- 24. sep.** Springarøving kl. 19.00. Eilev G. Myhren spelar.
- 8. okt.** Springarøving kl. 19.00. Ikkje bestemt enno.
- 22. okt.** Springarøving kl. 19.00. Hilde Kirkebøen spelar.
- 5. nov.** Springarøving kl. 19.00. Hilde Kirkebøen spelar.
- 19. nov.** Springarøving kl. 19.00. Huldraleiken spelar.
- 3. des.** Springarøving kl. 19.00. Ola R. Imset spelar
Med tradisjonskost: **småmat og lefsekling!**
Møt opp til eit triveleg lag før jul! Springar og
gammaldans. Utdeling av diplom til ihuga dansarar.

Andre viktige hendingar dette halvåret:

- 6. - 7. september: Hausttur til Hallingbu.**
Bli betre kjent i Lillomarka. Peiskos, overnatting, føl stemninga
på Hallingbu. Interesserte må melde seg på til ein i Styret.

- 25. - 28. september: Folkelarm i Oslo**

- Sundag 28. september: Minikurs i hallingspringar,**
før Folkedanskvelden kl. 18.00. Ola R. Imset spelar!
Det blir instruksjon i ein og ein halv time, og det blir
springardans ein ekstra time etter kurset. Møt opp!

- 25. – 26. november: STORT HELGEKURS I HALLINGSRINGAR!**
Instruktørar: **Torill (Stave) Kvalvågnes**, A-klasse dansar frå Ål
og **Bjørn Lien** frå Gulsvik i Flå.
Spelemenn: **Hilde Kirkebøen** og **Ola R. Imset.**
Laurdag kl. 12.00 – 16.00 og sundag kl. 12.00 – 16.00.
Matsservering kl. 14.00 begge dagar. Set av helga alt no!
Pris: Kr. 300,-/400,- for medlemmer / ikkje medlemmer der mat,
kaffi og te er med i prisen! Studentar og ungdom under 20 år
berre kr. 250,-. **Meld dykk på og bli ein betre dansar!**

- Laurdag 15. november: Oslokappleik i Nordahl Bruns gt. 22.**

- Sundag 30. november:** Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskvelden
frå kl. 19.30. Dei som er vakter kjem inn gratis. Hallingspringar ved
Ola R. Imset i pausa!

VELKOMNE SKAL DE VERA!

Meir info. på www.hallinglaget.net

HALLINGBU

Hallingbu ligg som ei lita perle i Lillomarka, på toppen og skodar utover eit ofte så aldeles blikstille Ormtjern.

Det har i vår og sumar vori mang ein tur til hytta, mest dagsturar, men også nokre overnattingar.

Hytta til Valdreslaget, Buvollen, vart besøkt i juni, fleire "hallingar" traska stien over dit og blei serverte rjomegraut og fekk svinga seg i dansen på plattingen.



Spikjikkjøtturen 2008. Frå venstre: Sigbjørn Galdal, Oddmund Vestenfor, Bård Kyrkjedelen m/vesle Trym, Svein Aasen, Gert F. Malt, Else Mohn, Hans Kilen og Merete Mølbach. Fotograf: T. Grangård.

På den årlege Spikjikkjøtturen vart vi 11 stykke med stort og smått – og veldig triveleg at Bård tok med seg guten sin, Trym. Vi benka oss rundt bordet ute og naut den gode spekematen i finveret. Og medan eg er inne på spekemat; skinke og fenalår frå Hallingfesten har følgt oss trutt og jamt på dei fleste turane – heilt topp!

I våres oppdaga vi at ein planke i bygget rundt olla var dårleg, og at det var mykkje rusk i vatnet, som også var ganske grumset. Dette fekk Terje og Svein ordna opp i, dei tømde olla og fjerna kvist, blad og liknande som låg i botn, og det hjelpte – vatnet har blitt mykje klarare.

Av anna dugnadsarbeid har vi sett opp pipehatt på pipa, og vonar nå å ha blitt kvitt fukta som hadde starta å melde seg på midtre rommet. Mange takk til Svein som på eige initiativ fikk skaffe hatten via kjende, og Terje og Michel gjorde eit durabelegt arbeid med å få bora hol til feste i pipa – sjølvsagt litt dumt at vi hadde byrja å fyre i pipa ein time på førehand, da det vart litt meir enn godt og varmt å halde på inni røyken, men dei fekk det da tel, og ikkje minst det å skjønna konstruksjonen – det måtte nok ein ingeniør til der!

Og Michel med foreldre feira den franske nasjonaldagen på Hallingbu. Hurra og vive la France.

Elles anbefalast det alltid å dyppe kroppen blant vassliljene i Ormtjern – og kjenne at ein lever!

else

Landskappleiken 2008 på Oppdal.

Landskappleiken på Oppdal siste veka i juni vart ein suksess ...

Det å oppleve dei som vant og dei som nesten vant var ei STOR oppleving c");

Likå det å danse sjølv til fantastiske spelemenn - som bidrar heilt utruleg bra ...

Tevlingane gjekk føre seg etter planen, maten var særst god - så god at det var tomt i sjutida! Folk var trivelege og venlege. Dugnadsarbeiderne (omlag 550!) gjorde ein kjempejobb, dei hadde bygd amfi i idrettshallen av Euro-pallar! og det var markblomster over alt.

Oppdal viste seg frå si beste side, med eit fantastisk kulturhus med gode dansegolv og luftige salar. Men etter torsdagen som hadde best forhold for dansen vår, vart det dansa hallingspringar i ein liten sal som heitte Speilsalen. Den var noko for liten og vart gloheit! Man dansen gjekk for fullt likevel, best plass under finalespelet laurdag då Ola R. Imset spelte frå ti til elleve på kvelden. Mest varme og intenst var det då Olav Luksengard Mjelva spelte til dans klokka tolv! Då hadde dei fleste fått med seg at han hadde vunne finalespelet i Hardingfele kl. A ein time før. Og det med det mest fantastiske spelet som har vore vist sidan Beitohaugen vant på Eidfjord i 2004?

Det kom i Folkemusikktimen på sundagen, då han spelte *Krullafuru* så alle unte han sigeren! (*Eg har enno ikkje høyrte om nokon som syntes det var rart at han vant ...*

Her må eg fortelja at eg var sannspådd etter Hallingkvelden i april då eg skreiv i meldinga til alle:

"Og TAKK til alle som spelte for oss på Hallingkvelden 26. april...

Det var gnistrande dansespel og ein særst variert og fin konsert ved Ingunn, Hilde og Olav. Desse spelte også til dans, og vårt "nye" bekjentskap Olav var særst inspirert! Spelar han slik som på siste danseøkta for oss kan han vinne heile Landskappleiken c");

Og det gjorde han! Olav spelte også til to danseøker og for fleire dansepar på kappleiken!

Me fekk den sær gode spelemannen Øyvind Brabant til å spele for oss på lagdansen onsdag. Det vart ei inspirerende øving i eit klasserom før me gjekk på scena det beste me kunne med nervar? me slo berre tre lag og vart nr. 26 av 29 lag med 138 poeng. I fjor hadde me 123 poeng så dette er det beste me har klart - so langt. Nivået var høgt!

No har me også fått vite meir om kva me må arbeide vidare med, så me går for eit nytt forsøk på Geilo neste år. Då bør me ha åtte par klare til då. Det var veldig moro å vere med. Ein stor takk til dei som dansa (fem par):

Berit og Oddmund, Else og Jon, Solbjørg og Svein, Grete og Sigbjørn, Bjørg Irene og underteikna.

Elles var dommarane strenge med hallingane (kanskje eg er litt partisk). Men det vart mange gode plasseringar etter sær gode prestasjoner. Ulf-Arne Johannessen dansa så godt at han kunne ha vunne heile laustevlinga! (Klasse A). Han synte ein sjeldan fin lausdans, der han dansa på låtten med full kontroll. Ingen hadde bedre spark og kast enn han. Pang, pang og to treff på hatten som Ingunn heldt. Men det heldt til 3. plass, for Martin Myhr og Sigbjørn Rua delte fyrsteplassen! Laustevlinga hadde eit sjeldant høgt nivå - etter FRIKAR sine oppsetningar av LAUS og KRUK, var alle dei tre fyrste derifrå. Så me fekk sjå det beste av laus i frå Trysil, Jondalen og Hallingdal - dvs. Torpo der Ulf-Arne kjem frå. Denne tevlinga var heilt rå, og laus synes eg er sjeldan god underhaldning, C- og B-klassa hadde også mykje bra. Jentene deltek også, to i kvar av klassene og tre av dei sjarmete meg. Unge Øystein Bråten frå Torpo klarte det kunststykkje å sparke av hatten slik at den datt rett ned på hodet hans og satt fast - perfekt! Etterpå dansa han vidare som ingen ting var hendt.

Det var utruleg bra dans av dei unge frå Torpo, dei vant "alt" i C-klassa som var sær god i år. Også D-klassa hadde høg kvalitet. Sjå gjerne fleire resultat på www.folkemusikk.no.



Renate Nysted Tønnessen og Øyvind Sandum i ein kjempefin springleik som heldt til A-klasse.

Nina Owren Furuli spelte fele.

Bildet er tatt frå Dagens Naringsliv!

Renate Nysted Tønnessen gjekk opp i A-klassa i dans vanleg fele etter ein svært bra dans. Ho dansa ein Springleik saman med Øyvind Sandum, og klarte A-kravet med himmelhøg margin. Men det trengst vel når ein ikkje kjem ifrå Gudbrandsdalen, men frå Sørlandet. Det vart andre plass og 89 poeng. Det var Nina Owren Furuli som spelte for dei, ho vant elles finalespelet for vanleg fele! Denne framsyniga var kunst!

Dagens Næringsliv hadde fanga opp denne dansen (som eg heldigvis fekk sett!). Eg legg ved bildet som eg scanna inn frå laurdagsavisa deira. Der hadde dei ein dobbelsidig artikkel om Landskappleiken, og gav det meste der fullt hus i poeng. Rart var det at dei trudde dei sleit med rekrutteringa, men det skyldtes sikkert at dei sleit med å få arrangørstad neste år. Då blir alt på Geilo og Ål siste veka i juni neste år. Alle tevlingar blir på Geilo, så bestill hus så snart som råd, til dømes på Geilo Appartement.

Det blir mykje bra dansing frametter hausten, så møt opp!

Terje

PS: Det er mange store musikarar og dansarar som eg ikkje fekk nemnt her.

Hallingkvelden

Laurdag 26. april var det nok ein gong duka for Hallingkveld i Storsalen. På plakaten var det mange gode spelemenn og kvinner, så forventningane var høge. Etter mykje god mat og godt drikke fekk vi ein forsmak på kva som venta oss utover kvelden då Ingunn Stræte Lie, Hilde Kirkebøen og Olav Luksengard Mjelva heldt ein stemningsfull konsert for oss.



Innimellom solonumra leverte Ingunn og Olav særst godt samspel...

Ola Imset heldt kvelden saman som ein god konfransier skal, og hadde nytta Google for å komme fram til rekkefølga folket skulle spele. Dette slo godt ut for gruppa Best før... som fekk flest treff.



Det vart ein god dansekveld med mykje drivande godt dansespel. I tillegg til dei eg allereie har nemnt stod også Thea Tunås Bratteng og Torstein Gjeldokk for sær godt dansespel.

At det vart ein sær vellukka fest trur eg alle kan vere samd i, og dette er verkeleg noko Hallinglaget må fortsette med. Takk til dei som hadde teke seg ein tur til byen denne kvelden og neste år vonar vi at det blir enda fleire! Og tusen takk til Berit og Else og alle som hjelpa dei så vi fekk denne flotte festen!

Anne Cathrine Johansen

Huldraleiken spelar stadig betre

Huldraleiken Hardingfelelag spelar for oss ein øvingskveld kvart semester og dei blir stadig betre. Spellaget er leia av Bernt Balchen og dei øver hos han privat nesten kvar tysdag. Dei spelar både felespel, valdresspel og hallingspel. Når dei spelar for oss er det hallingspel som gjeld. Då straumar kjende hallingspringarar ut frå hardingfelene og ved hallingspel er det Ola R. Imset som styrer spelet. Hallinglaget takkar for mange trivelege stunder.



Huldraleiken Hardingfelelag våren 2008.

Spelemennene frå venstre er: **Atle Haugen, Henrik Meyer Jakobsen, Bernt Balchen Jr., Hans Kilen, Magne Berge og Ola R. Imset.**

Terje

Hauustfest 2008

Småviltlaget heldt konsert og spelar til dans.

Informasjon/påmelding:

Kato Johansen91557568 / kajo@baerum.kommune.no

Jens K. Engstrøm901 76 442 / jengstro@online.no

Tid: Laurdag 25. oktober 2008, kl 18.30 - 24.00

Stad: Storsalen, Nordahl Bruns gate 22. Oslo

Pause med heimebakst og kaffe/te.

Sjå stor plakat på: <http://www.folkedans.com/rundsnuen>



Gro Sissel Taraldrud vinteren 2008.

Hallinglaget takkar Gro Sissel Taraldrud for sær s god innsats som kasserar dei fire siste åra, frå 2004 – 2008.

Gro Sissel måtte gje seg denne vinteren og laget fekk Ove Bakken til å ta på seg jobben som ny kasserar. Det å ha ein dugande kasserar er sær viktig for eit lag.

Gro Sissel arbeider til dagleg i Cultura Bank og var meir enn vanleg kvalifisert til jobben som kasserar i laget. Ho er også svært dyktig til å lage mat og har vore med på mange dugnader på Hallingbu. Ho fekk eit nytt barnebarn denne vinteren og trengte meir tid til barnebarna og dei tre døtrene hennar. Likevel lover ho å vere med på mange danseøvingar og turar til Hallingbu når det høver.

Godt at me har slike medlemer som Gro Sissel i laget vårt. Lykke til vidare!

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2008

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 350,-**.

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,- Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna BLS-lag: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Hallinglaget sin konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Medlemskap i Hallinglaget gjev deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på alle samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar og øvingskveldar i hallingspringar.
 - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 12 personar.
 - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
 - Reduksjon i pris på Kaffistova og Det norske Teatret mot å syne medlemskort.
 - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar søndag er det gammaldans, bygdedans, songdans / turdans frå kl. 19.30–23.00.
 - Informasjon om andre folkemusikktilskipingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
 - Redusert pris på kurs i hallingspringar som laget skipar til.
-

Folkedanskvelder hausten 2008

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, minikurs i Blåsalen (kr 100,- for heile kvelden frå kl. 18.00).

Normalt frå kl. 1930-2245, i Nordahl Bruns gt 22, 0165 Oslo.

Dato	Storsalen 19.30 - 22.45	Halli, minikurs 1800-1930	Arrangør lag
07. sep	Husk gammeldansorkester		Rundsnuen Danselag
14. sep	Østerdølenes spellmannslag (a)	Stildans	Folkedanslaget Symra
21. sep	Fanteladdane (a) og (b)	Vossaspringar	Hordaringen i Oslo
28. sep	Steinsgårdskroken (b)	Hallingspringar	Sogn og Fjordane laget
05. okt	Stein Magne m/fleire (b)		Folkedanslaget Symra
12. okt	Farande Fant (a) og (b)	Bingsjøpolska	Sogn og Fjordane laget
19. okt	Spelemannslaget De frilynde (a)		Oslo Songdanslag
26. okt	Deltakarane (a)	Finnskogspols	Hordaringen
02. nov	Østerdølenes spellmannslag (a)		Rundsnuen
09. nov	Sofienberg spelemannslag (b)	Stildans	Folkedanslaget Symra
16. nov	Bærum Spelemannslag	Jølstraspringar	Sogn og Fjordane laget
23. nov	Husk gammeldansorkester	Sildans (Symra)	Numedalslaget i Oslo
30. nov	Best før ...	Bodapolska	Hallinglaget i Oslo
07. des	??		Ungdomsringen i BLS

- (a) Finnskogspols i løpet av kvelden
- (b) Springleik-kule i løpet av kvelden

Inngang: Medl. Kr 60,- ikkje medl. Kr 100,-

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

www.bls.no

e-post: bls@online.no

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

e-post: bls@ungdomslag.no, telefon: 913 22809

Styret i Hallinglaget 2008–2009

Leiar:	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 2252 2267 – heime 4820 4652 – mobil E-post: grangard@c2i.net
Nestleiar:	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 4804 0062 – mobil E-post: berit.ellefsen@dnbnor.no
Kasserar:	Ove Bakken Måltrostveien 11, 1430 Ås	Tlf: 4810 4639 – mobil E-post: ove.bakken@md.dep.no
Skrivar:	Ola R. Imset Ignaveien 129, 1912 Enebakk	Tlf: 6492 6336 – heime 9013 3907 – mobil E-post: ola@imset.net
Medlemer:	Else Mohn Strømsveien 25, 0658 Oslo	Tlf: 9587 9270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com
	Renate Nysted Tønnessen Vallefarei 16, 0663 Oslo	Tlf: 9955 2650 - mobil, E-post: renatenysted@yahoo.com

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar:	Eilev Groven Myhren Bertramjordet 60, 1251 Oslo	Tlf: 9056 3657 – mobil E-post: eilevgmyhren@yahoo.com
Medlemer:	Svein Aasen og Anne Cathrine Johansen.	

Stoff til Hallingljom kan sendast til Eilev G. Myhren eller til ein i Styret.

Hytte styre for Hallingbu:

Leiar:	Else Mohn Strømsveien 25, 0658 Oslo	Tlf: 9587 9270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com
---------------	--	--

Medlemer: Bård Kyrkjedelen, Hilde Kirkebøen, Ingrid Eidsmo og Michel Gascoin.

Revisor: Alix Cordray Tlf.: 2225 2949

Valnemnd: Kathinka Mohn, Grete Iversen og Svein Aasen.

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: www.hallinglaget.net Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård
Sjå også: www.bls.no, www.folkedans.com, www.folkemusikkscena.no og www.dans.laus.no!

Hallingbu



ERB
JR.96